

Notat om gjerdehald langs Bergensbanen, strekning Voss – Taugevann (Voss - Taugevandbanen)

Gjerdeordninga som vart etablert ved bygging av banen går fram av St.prp. nr. 1 frå 1903 – 1904. På strekninga Voss – Taugevann vart det vurdert slik at gjerde var naudsynt, i alle fall på strekninga Voss – Opset. Ordninga var då tydelegvis slik at det var distriktet, kommunane som banen gjekk gjennom, her då Voss, Ulvik og Aurland, som hadde gjerdeplikta og skulle koste gjerdet, men dei t fekk høve til å kvitte seg med plikta mot å betale statsbanen eit eingongsbeløp, som då skulle dekke statsbanen sine kostnader med oppsetting og vedlikehald av gjerdet for framtida.

Av div. papir går det fram at denne ordninga og takstar vart akseptert av distriktet, kommunane Voss , Ulvik, Aurland og då Bergen, og dei betalte beløpa som er oppførde på side 37 i St.propen.

Beløpa ser ut til å ha vorte innbetalt over ein periode på nokre år.

For Voss og Ulvik kan det sjå ut til at det er Bergen kommune som har akseptert og dekt kostnadene og siste beløpet som Bergen kommune betalte var kr. 12171.92 den 16. juni 1910.

Så langt ein kjenner til har det ikkje skjedd noko formell endring av gjerdeordninga etter den tid slik den gjerdeordninga som vart etablert ved bygging av banen framleis står ved lag. Noko som då inneber at statsbanen framleis har vedlikehaldsplikt for gjerdet som dei i si tid fekk fekk betaling for. Vedlikehaldsplikta var utan tidsbegrensing.

Vidare er det å merka seg at dette med gjerdeordning var ei sak mellom statsbanen og distriktet(kommunane), den einskilde grunneigar langs banen var ikkje part i dette.

Voss 01.09.2018

Knut Skiple (s)

Vedlegg: St.prp. nr. 1. Hovedpost VIII A. 1903-1904